

Den ortodokse jødiske synagoge var prega av ei rigid autoritetshaldning som han fann svært fråstøytande og som gjorde at han «mistet enhver mulighet for tro tidlig i livet».

Han minner om Schopenhauers ord om at dersom religiøs tru skal trivast, må ho plantast og slå rot tidleg i livet.

Yalom er amerikansk jøde, og han peikar på at det er ikkje lett å gi til kjenne mangel på tru i USA i dag som 80 % i spørjeundersøkingar erklærer at dei trur på eit liv etter døden.

Eksistensiell psykoterapi er eit nøkkelomgrep hos Yalom, og nettopp dette er tittelen på den banebrytande boka hans frå 1980. Der omtalar han dette som ein dynamisk terapeutisk tilnæringsmåte der ein legg vekt på problem knytt til eksistensen. Dette utdjupar han ved å omtale det han kallar eksistensens grunnvilkår, knytt til fire spørsmål: døden, isolasjon, meininga med livet og fridom.

Utan å pådytte pasientane sine ein einaste tanke om desse spørsmåla har han erfart at han og dei – reisefellar som dei er – vil kome inn på alle desse tema som ein naturleg del av den terapeutiske prosessen. Og ein av hans konklusjonar er at det er ein samheng mellom den religiøse lengten og den eksistensielle angsten. Ja, han postulerer jamvel at *grunnen* til at religiøs tru finst overalt, er at eksistensiell angst òg finst alle stader.

Å lese denne vesle boka var ei sterk og fengslende oppleving. Ho er lettlest og prisverdig fri for kompliserte filosofiske tankerekker og ein fin inngangsport til den rike litterære produksjonen til Irvin Yalom. For dei som enno ikkje har lese Yalom, trur eg boka vil gi meirsmak.


Hans Olav Tungesvik
Frihamnsenteret
Skånevik

Fint om tabubelagt tema

Nybø RK

Fra tabu til tema

Selv mord i mediene. 136 s. Kristiansand: IJ-forlaget, 2007. Pris NOK 185
ISBN 978-82-7147-308-2



Forfatteren var med på å utrede en endring i Vær Varsom-plakaten fra 2006 som har gjort det mulig for pressen å omtale selvmord dersom en rekke aktsomhetskrav blir fulgt. Tidligere het det at selvmord eller selvmords-

forsøk som hovedregel ikke skulle omtales i pressen. En av grunnene til oppmykningen er påstandene om en fortiet samfunnsdebatt rundt selvmord som fenomen.

Reidun Kjelling Nybø viser til at det tidligere ble benyttet en rekke omskrivninger som likevel ble forbundet med selvmord, slik som «personlig tragedie», «ingen mistanke om noe kriminelt». Eller, som journalist Knut A. Nygaard sier det her: «Vanligvis vil vi ha fram mest mulig av det som skjer på linjene. Når det gjelder selvmordsomtale prøver vi å fylle mest mulig mellom dem.»

Noe av det mest spennende i Nybøs kortfattede bok er drøftingen av selvmord i psykiatrien, med utgangspunkt i to klagesaker til Pressens faglige utvalg. Ulike aktører er intervjuet i ettertid, og forfatteren får fint frem hvordan en slik sak oppfattes høyst ulikt av journalisten, pasientens mor, psykiologen (som sluttet som følge av saken), psykiaterne som klaget inn saken og generalsekretæren i Norsk Presseforbund. Sistnevnte mener at det var riktig av Dagbladet å kjøre saken. Pressens faglige utvalg konkluderte da også med at avisen ikke hadde brutt god presseskikk. Men Presseforbundets generalsekretær, Per Edgar Kokkvold, er samtidig overbevist om at Dagbladet ville blitt felt etter den nye paragrafen, fordi selvmordsmetoden ble detaljert beskrevet. Det er interessant.

Nybø setter selvmordsomtale i Norge inn i en aktuell kontekst, dels ved å redegjøre for situasjonen i andre nordiske land, dels ved å referere til råd utarbeidet av Verdens helseorganisasjon. Hun bruker også mye plass på selvmord blant kjente personer – saker som har hatt samfunnsmessig og politisk betydning og som kunne vært omtalt på en annen måte etter den nye selvmordsparagrafen.

Det var Seksjon for selvmordsforskning og -forebygging ved Universitetet i Oslo som sto bak den nye formuleringen i Vær varsom-plakatens punkt 4.9. I ettertid er det gjort til et problem at psykiatrien skal ha fått for mye å si over journalistikken. Det er Sven Egil Omdal, som ledet arbeidet med revisjonen, som målbærer kritikken. Hva han egentlig mener når man leser hans uttalelser samlet, er imidlertid noe uklart. Det er oppsiktsvekkende dersom Omdal ønsker å endre selvmordsparagrafen like etter at han har avsluttet arbeidet med å revidere den. Her burde forfatteren vært mer pågående og avklarende.

Totalt sett sitter jeg igjen med et inntrykk av at forfatteren har satt seg godt inn i stoffet og at hun dekker diskusjonen på en bred og god måte. Boken er stringent oppbygd, velskrevet og lettlest. Spesielt satte jeg pris på at det gis god plass også til kritiske røster, bl.a. fra legehold. Flere har fryktet økt selvmordssmitte hvis omtale av selvmord ble mer vanlig.

Forfatterens egen veileder for selvmords-

omtale gjør boken velegnet for journalister og redaktører, som vel er den primære målgruppen. I tillegg bør den være av interesse for dem som arbeider med selvmordsforebygging og for alle som er oppatt av forholdet mellom medisinen og mediene.

Per Helge Måseide

Barneklivnikken
Ullevål universitetssykehus

Klokt og vakkert om angst, AD/HD og låste liv

Thorsen G-RB.

Veien til Louisiana

88 s, ill. Stavanger: Hertervig forlag, 2006.

Pris NOK 149

ISBN 82-92023-70-4



Gerd-Ragna Bloch Thorsen rakk akkurat å få denne boka ferdig før ho døydde brått i fjor. Ho blir litt som eit ettermæle på den måten, og dermed ganske spesiell for alle som kjende Gerd-Ragna.

Men ho står godt på egne bein og er både artig, interessant og lærerik lesnad. Ho er del av ein tradisjon frå Stavanger-miljøet, PsykOpp og Hertervig forlag, der komplekse tema om sinn og psykiatri blir formidla enkelt og godt for vanlege folk, ungdom som vaksne – eit viktig folkeopplysningsarbeid.

Veien til Louisiana handlar i det ytre om to ungdommar, Gunn og Atle, som på kvar sin måte er offer for psykiske plager, funksjonssvikt og fordømmar knytt til desse. Dei møtest på ein helgetur til København, eit steg ut i verda som for begge inneber nye røynsler, ny erkjenning, nytt vågemot på livet og nye dører som opnast for livsutfalding. Ei lita reise i denne større reisa er besøket på kunstsamlinga Louisiana, der tittelen er henta frå. Det er mange nye og nyskapande former som der har fått sin plass og som gjev inspirerande opplevingar og ny erkjenning av både kunst- og livsformer.

Mor til Gunn har sterk angst og er plaga av posttraumatisk stress, noko som låser både henne og familien og avgrensar livsutfalding og vekst. Atle har AD/HD-plager, noko som gjer han til outsider og mobbeoffer og låser han i tap og tillitssvikt.

Veien til Louisiana handlar både om korleis dette kan arte seg – framstilt på ein måte som alle kan forstå – og korleis det kan løyse seg. Korleis det som var låst kan opne seg.